



Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5260 - 21/49959

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
12.07.2021

Oversender søknad om deling til uttale - gbnr 121/1 Knarvik nord

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 121/1
Tiltakshavar: Thore Knarvik

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom, bustadtomt frå gbnr 121/1. Arealet er oppgjeve til å vera om lag 1800m². Parsellen er oppgjeve at skal koplast til offentleg vatn og privat avlaup. Parsellen har tilkomst til kommunal veg via privat veg.

Søknaden er nabovarsla i tråd med plan- og bygningslova § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader til nabovarselet.

Arealet som vert søkt frådelt er registrert som overflatedyrka jord i Gardskart.


Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er sett av til framtidig spreidd bustadbygging. Innanfor område SB-3 i kommuneplanen er det opna for at det kan byggjast 3 bustadar i planperioden. I følgje søkjar er det bygd 2 hus til no.

I punkt 6.7 i føresegna til kommunedelplanen (KPA) står følgjande:

6.7 Det skal ikkje byggjast på dyrka eller dyrkbar mark. Avstand til driftsbygning i tradisjonell drift må vere minst 100 meter, og bygging ikkje må føre til auka trafikk gjennom gardstun Heimel: PBL § 11–11 nr. 2.

VURDERING



Utklipp av situasjonskart

Frå gardskart

Veglova

Alver kommune har 23.06.2021 gjeve løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse til kommuneveg. Det er lagt fram avtale om bruk av privat veg.


Jordlova

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådeling må vera handsamast etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova.

Vatn og avlaup

Alver kommune har 22.04.2021 gjeve førehandsløyve til avlaupsløysing. Det er lagt fram avtale om bruk av privat avlaupsleidning.

Ber om uttale frå avdeling for Vatn og avlaup i Alver kommune for tilkopling til offentleg vatn og eventuell omlegging av eksisterande leidningar.



Frå avtale/ erklæring om tilkopling til privat avlaupsleidning.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kultur

Landbruk

Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Postboks 4

5906

FREKHAUG